

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 16.08.2019
Vår ref.: 201836010-4
Arkiv: 323
Dykkar dato: 02.07.2019
Dykkar ref.: 17/3013 Marte Hagen Eriksrud

Sakshandsamar:
Toralf Otnes
22959527/toot@nve.no

NVE si fråsegn til offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 - Lindås kommune

Vi syner til brev datert 02.07.2019. Saka gjeld offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel.

Naturfare

Vi er nøgde med at NVE sine aktsemdkart for skred er nytta til å vurdere fare for skred mot nye tiltak i planen, jf. ROS analysen. Aktsemdkarta er og nytta til å merke av som omsynssone H310 Ras- og skredfare i plankartet der desse kjem i eller nært til etablert busetnad eller utbyggingsområde. Plankartet er litt vanskeleg å orientere seg i, så vi er litt usikre på om aktsemdkart for jord- og flaumskred, og aktsemdkart for steinsprang, er nytta der desse går utom aktsemdkart for snøskred. Dersom aktsemdkart for jord- og flaumskred og aktsemdkart for steinsprang ikkje er nytta må og ta desse i bruk. Vi har elles litt vanskeleg for å sjå kva som er vinsten med å dele omsynssonene inn i lausneområde og utlaupsområde.

I ROS analysen har de vurdert om det kan vere fare for områdeskred av kvikkleire, og om dette må vurderast nærare i samband med detaljregulering/utbygging. Dette ser det ut som om de har følgd opp i føresegnene for dei konkrete områda. Vi saknar likevel eit generelt krav i føresegnene om å gjere greie for fare for områdeskred av kvikkleire under marin grense i plan- og byggesaker.

I ROS analysen har de og nytta aktsemdkart for flaumfare som ein reiskap til å vurdere om det er naudsynt å vurdere flaumfare i vidare planlegging. Det er positivt at de ikkje har brukt dette aktsemdkartet ukritisk.

Dei konkrete vurderingane av potensiell flaumfare i ROS analysen gjeld nye område for utbygging i planen. Utbygging som krev tilstrekkeleg tryggleik mot flaum skjer og i område som er planlagt tidlegare, og/eller alt er bygd på. I tillegg til slike vurderingar av konkrete areal, så må arealdelen difor ha innebygd i seg mekanismar som hindrar utbygging på anna areal som er eller kan vere flaumutsett. I vårt innspel i samband med varsel om oppstart av planarbeidet gav vi råd om korleis dette kunne gjerast.

I føresegnene er det sett ei dele- og byggegrense mot vassdrag på 25 meter. Føresegnene gir og nokre unntak for denne grensa. I høve til fare for flaum- og erosjon vil denne dele- og byggegrensa i dei fleste

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

tilfelle vere nok langs bekkar med nedslagsfelt mindre enn 20 km². Langs elvar med nedslagsfelt større enn 20 km² må avstanden vere minst 50 – 100 meter før ein kan rekne med at plasseringa er flaumsikker. Vi vil rå dykk til å innarbeide ei generell føresegn til planen som set krav om å vurdere flaum- og erosjonsfare for alle tiltak nærare 20 m frå bekkar med nedslagsfelt mindre enn 20 km². Vi har funne 3 vassdrag med nedslagsfelt over 20 km² ved utlaup i sjø. Dette er Romarheimselvi, Eikefetelvi, og Eikangervassdraget. Ingen av desse er særskilt store. Eikefetelvi er størst, med eit nedslagsfelt på 69 km² ved utlaupet i sjøen. Dersom de set krav om ei vurdering av flaumfare for tiltak nærare enn 100 m frå elvar med oppstraums nedslagsfelt over 20 km², så vil det gi tilstrekkeleg tryggleik i dei aller fleste tilfelle. Ei første konkret vurdering kan gjerast enkel, basert på maksimale vasstandsstigingsverdiar ved hjelp av dette [temakartet](#).

I føresegnene kapittel 2.9.2 har de fastsett nokre tema som tilhøyrande ROS analyse i ein reguleringsplan skal ta utgangspunkt i, og gjere greie for. Desse punkta er på langt nær tilstrekkeleg til å dekke dei tema som ROS analysen må omfatte. Føresegna må de utforme på ein måte som ikkje er, eller kan oppfattast som, avgrensande i høve til kva som er relevante tema ved utarbeiding av reguleringsplanar.

Vassdrag

Som nemnd over har de sett ei generell dele- og byggegrense frå vassdrag på 25 meter. Dette meiner NVE er for kort avstand til å sikre ålmenne interesser i og langs vassdrag. 25 meter kan i utbygde område vere tilstrekkeleg. I meir naturprega område bør avstanden vere større. I naturprega område langs verna vassdrag bør byggeforbodet vere minst 100 meter. Vi meiner difor at de bør arbeide vidare med å sette den generelle dele- og byggegrensa mot vassdrag i større avstand enn det som de har gjort no. Avstanden kan de differensiere ut frå vassdraget og omgjevnadane sin karakter. De har alt gode grunnlag for å gjere denne differensieringa, jf. omsynssoner for Friluftsliv (H530), Naturmiljø (H560) og Verna vassdrag (H700).

Vassdrags- og energianlegg

I innspelet vårt i samband med varsel om planoppstart sa vi følgjande:

Sentral og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL, jf. §1-3. Eksisterande og vedtekne større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8 d/H740) i plankartet.

I planframlegget har de nytta feil omsynssone på dei større høgspenteleidningane. De må nytte H740 Bandlagde område i staden for H370 Fareområde. H740 skal i følgje teiknereglane ha svart horisontal/vertikal rutemønster i staden for raud skråstilt skravering.

Med helsing

Bright Samdal
regionsjef

Toralf Otnes
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.



Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND
Hordaland fylkeskommune